



# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 4

APRIL 1978

28. årgang

## KJÆRE KONFIRMANT

Vil du vera snild å lesa desse enkle kvardagssetningar igjen, heilt til siste ord og med ettertanke. Det treng ikkje taka deg meir enn 5 min.

Om ikkje lenge skal du og alle dine kameratar knela ned ved Herren altar for å taka imot Guds velsigning over livet som ligg framom deg. Eg veit ikkje noko meire løfterikt og vakkert eit syn enn ungdom på kne for Gud. Ein konfirmantgut kom ein dag åt meg og ville tala med presten sin. Han ville vita om han kunne vera med til konfirmasjonen. Vi tala noko saman, mest om syndsforlating og så seier han brått: «No veit eg det. Når eg skal gå til kyrkje konfirmasjonsdagen, så skal eg fyrst folde hendene mine og så skal eg seia til Jesus: «Du må forlate meg all synd som eg har gjort fram til idag. Så kan eg gå.»

Denne guten visste rett. Slik kan du også gjera det. Du er sikkert veldig spent på dagen og enno meire på livet framom deg. Kanskje har du ei kjensle av otte også, vi veit jo så lite framover. Sjølv kan vi leggja planer og i tanken drøyma om framtida, men så ofte går det annleis enn vi hadde draumen.

Veit du kva eg har hug til å segja deg? «Betre enn å gjera

det godt i livet, er å bli god.» Og no tenkjer eg på Paulusordet om «Å strida den gode strid og gripa det evige liv.» I dåpslovnaden som du skal stadfesta som konfirmant står det: «Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og all hans åtferd.» Det er i truskap mot denne lovnad at du finn LIVET. Her er det også at du må strida den gode strid. Saneleg om du skal koma så langt frå kyrkjedøra før du skal møte dei maktene som vil få deg til å bryta lovnaden din og forlate Guds veg. Hugsar du dei to muligheter eg så ofte stilte opp for deg?

«Så har Gud elska verda at Han ga Son sin den Einborne forat kvar den som trur på Han ikkje skal fortapast «men ha evig liv». Det var den eine mulighet. Den andre lød slik:

«Det som fall ved vegkanten og som fuglane kom og åt opp,



det var Ordet sådd i menneskehjarter, men så kom Djevelen og plukka Ordet ut or hjarta deira forat dei ikkje skulle tru og verda frelst.»

Mellom desse to muligheter står du med ditt val, kvar einaste dag. Vel du å vera ulydig mot Gud for å kjenna deg fri, så skal du snart få vita at du er bunde av vondt samvit og eit fredlaust sinn. Vel du å gå Guds veg, så vil Gud gjeva deg si gåve med ut i livet. Gåva er Jesus Kristus. Ved Han skal du sgra.

Ein dag fell hendene til mor og far ned og de kan ikkje hegna om deg lenger. Jesu Kristi hender fell aldri ned. Still deg under desse henders velsigning.

Veit du kva mi bøn for deg og dine kamerater har vore i vinter? At du også etter vårens store dag må halda fram med å gå til Guds hus, slik du gjorde det i heile vinter. Då veit eg at du går på vegar Gud kjenner. Tilslutt ber eg deg hugsa ein ting. Du skal ikkje konfirmerast ut av kyrkja (ferdig med skolen, ferdig med presten,) men inn i kyrkja (Lat meg få tena deg Herre).

Lukke til! og må Gud få velsigna deg!

Kaare prest.

## SLEKTERS GANG

## Døpte



## Orkdal.

- 12.2 Håvard Oddan  
Mariann Solstad  
5.3 Elin Fossum  
Heidi Pedersen  
19.3 Ida Johanne Hestnes  
26.3 Bård Fredagsvik  
Hanne Egeberg  
Jenny Metilaas Smolan

## Orkanger

- 19.2 Hilde Mastad  
12.3 Per Håkon Landrø  
19.3 Thor Willy Andero Johansen

## Vigde



## Orkdal.

- 4.2 Antoine Laurent Castillo og  
Ase Foss (p.ktr.)  
10.2 Oddbjørn Bang og  
Eva Holt (sorenskr. ktr.)



## Døde

## Orkdal.

- 17.1 Halle Magne Fjelldal (gr.l. i Tr.-  
heim) f. 1915  
25.2 Berit Skarholt f. 1891  
27.2 Ole O. Sommervold f. 1897  
6.3 Emil Skjenald f. 1906  
11.3 Helga Selbekk f. 1910

## Orkland

- 5.3 Olav Høsten f. 1926  
16.3 Ingebrigt Holthe f. 1892

## Avskjedsfest for familien Eidhamar

Søndag kveld 12/3 hadde sokneråda i Orkdal gått saman om å laga avskjedsfest for familien Eidhamar. Orkland sokneråd sto som vertskap og det var formannen Jostein Dalen som leide kvelden på ein trygg og fin måte. Det kunstneriske innslaget sytte Orkland mannskor og Svorkmo blokkfløyteorkester for. Mannskoret var som vanleg av høg kunstnerisk kvalitet og dei unge utøvarane i blokkfløyteorkesteret viste fin og følsom kunst. Prosten heldt opningsandakt etter at eit kort årsmøte var avvikla for Orkland sokn. Dalen bar fram ein takk for dei 5 åra res.kap. Eidhamar hadde arbeidd i vår kyrkjelyd, og trakk fram dei meire markerte arbeidsoppgåver Eidhamar hadde tatt opp rundt omkring i prestegjeldet. På vegne av alle fire sokna overleverte han så ei kaffekanne og eit fløytesett med brett i gåve som ein «velfortent takk». Ordet vart så gjeve fritt og formennene for dei øvrige tre sokna kom i tur og orden med sine «tillegg» til hovedtalen. Målfrid Kvikne overleverte Ollaug Eidhamar blommar og Magnhild Hoff heldt tale også for barna som fekk kvar sine gåver. Prosten takka for samarbeid og ynskte Guds fred inn i eit nytt prestegjeld og nye arbeidsoppgåver. Svorkmo-kvinnene sytte for god traktering og Inge Eidhamar takka for gåvene og for all hjelp og stød gjennom fem år og takka også

## Orkanger

- 12.2 Margit Dullum f. 1915  
20.2 Johanna Kjønlil f. 1891  
23.2 Ole O. Meslo f. 1900  
3.3 Hansine Stokkan f. 1898  
10.3 Ole Døhl f. 1895

for den venskap han og familien hadde vorte til del.

Svorkmo misjonshus vart fyllt til siste plass med mennesker jamt fordelt frå alle fire sokn. Så var også alle andre kyrkjelege organisasjonars møter avlyst denne kvelden. Det var tydeleg at mange ville syna si takksemnd mot ein dynamisk, arbeidsivrig, fritt-talande (skrivande) og ærleg prest.

K. R.

## Å, den som kunne flytte kvar påske!

Ein hjartans takk til dei mange gode venner for sterke gode ord, mengder med vakre blomster og fine gåver.

På nytt har vi djupt og rikt fått tenkt igjennom det herlege påskeevangeliet. Det er blitt ei vandring langt innover himmelrikets lyse vidder.

Avskjeden har forsterka årets rikaste dagar for oss.

Gud velsigne Orkdalsmenighetene!

Ollaug og Inge Eidhamar  
— og barna.

## Eldreturen

til Solgården, Spania — vil vi som før nemnt gjerne ha registrert innmeldingane til før 1. mai. Ein kan framleis få opplysningar på prestekontoret på Svorkmo tlf. 84 188. Innmeldingane kan og leverast dit. Elles kan ein snakke om turen og få brosjyrar hos andre reisedeltakarar: Magnhild Hoff, Minni Eikli, Kare-Helene Hagen, Ingerun og Per Solem eller John Langtind. Turen er altså 8.11-29.11. Turen går frå Værnes.

Inge Eidhamar

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:  
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel  
Agnes Singstad

Redaktør: Kaare Rogstad

Kasserar:  
Einar Garberg, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gåver og kontingent.

Ekspedisjon:  
Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.  
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo  
7330 Svorkmo.

## Smånytt

## Sokneprest Olav Olsen

vil inntil vidare vikariera i res.kap. stillinga. Han vil halda kontor på Svorkmo onsdag og laurdag 10-12.

## Veit du ungdom

med musikkalske evner at Trøndelag Musikk-konservatorium (i Trondheim) utdanner organistar over 1-3 eller 4 års studium, alt etter kva organistgrad du vil ta.

## Prostiets kyrkjedag

i år blir i Buvika 1/10 og da vonar vi alle kyrkjelege organisasjonar «fredlyser» dagen og sluttar opp om arrangementet.

## Koralkveld

vert det i Orkdal kyrkje 12/4. Gjelme blandakor er kveldens gjest. Kalls.kap. Sletthjell held andakt.

## Alle sokneråda i Orkdal prosti

har vorte spurt om dei har noko imot at Agdenes prestegjeld vert overført til Orkdal prosti. Ingen hadde innvendingar.

## Attlagte saker

I prestegarden — Fannrem er lagt att:

«Sang-boken» — i blå skirting — utan namn — heilt ny å sjå til.

Eit par herrehanskar — brune — teddyfor.

I Orkdal kyrkje er lagt att:

Det nye testament + Landstad salmebok, begge i grønnt skinn og i same plastetui. — utan namn. Har ligge lenge i kyrkja.

Alt kan ein få utlevert på preste-kontoret — Fannrem.

## Trekning. Speidarutlodning.

Svorkmo KFUM - KFUK 11.3. 78.

Pledd nr. 1. Nr. 79055. Oddlaug Høsten  
Pledd nr. 2. Nr. 59914. Roar Velle

TV. kanne. Nr. 59922. Inger J. Ofstad  
Sofapute. Nr. 59422. Målfrid Aa

Klokkestreng. Nr. 79319. Randi Bjørn-  
beth

Veggteppe 1. Nr. 59225. Anne Lise  
Gjønnes

Veggteppe 2. Nr. 79104. Erik J. Tron-  
voll

Veggteppe 3. Nr. 59581. Marie Tron-  
voll

Veggteppe 4. Nr. 69650. Erling Mog-  
seth, Løkken Verk

Veggteppe 5. Nr. 79407. Frida og As-  
bjørn Skjølberg

Takk til handelssamlaget for god  
assistanse!

Aud Jakobsen Ingeborg Skjølberg

## Orkland Mannskor

har halde årsmøte. Det nye styre er: Jostein Krutvik — form., Ingvar Grytdal — n.f. Age Garberg — kass, og Erling Høsten — sekr. Einar Kristiansen har avløst Jens Indergård som dirigent. J. I. takka av etter 28 års trufast teneste. Det vart vedtatt at når det vart spørsmål om song — skulle dirigenten kontaktes. Tlf. 84334.

## Trøndelag Musikk-konservatorium

har utsett sin konsert i Orkdal kyrkje frå fredag 21/4 til søndag 23/4 kl. 20.

## Eldretreffene i Orkanger menighet:

Alle eldre som bor i menigheten er velkomne til eldretreffene i Askeladden. 7. april og 10. mai er de dagene som er fastsatt nå. Vi begynner kl. 15. Allsidig program.

## Gospel kveld:

26. april på Orkdal vidaregåande skole (Follo) i gym.salen. Gruppe: Hosea frå Ungdom i oppdrag.

## Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00  
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)

Fannrem . . . kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)

Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer  
stengt.

## 80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

Svorkmo  
HandelssamlagOPPFOTOGRAFERING  
AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett.  
Vi hjelper Dem med dette.

## Fotograf Kvarsnes

SE VAR MUSIKKAVD. FOR  
ORGLER - GITARER o.s.v.

Tlf. 80 356 Orkanger

Konstads  
Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir  
Skolemateriell

## Trykksaker

Svorkmo Prenteverk A/S

7330 Svorkmo

# KONFIRMANTER

## i Orkdal 7/5

Henrik Aunemo  
Geir Inge Belsvik  
Per Ole Berg  
Odd Jarle Bjørkhaug  
Ola By  
Ingar Engen  
John Følvik  
Terje Gjønnnes  
Stein Oddvar Grøtjord  
Pål Shik Halgunset  
Jan Rune Erlandsen Haug  
Jens Ove Kvernød  
Lars Garberg Kvåle  
Geir Lie  
Dag Arve Lindsethmo  
Jonny Roald Røen  
Knut Sandvik  
Ove Skjenald  
Rolf Arne Solemsløkk  
Bjørn Stadheim  
Hugo Stavelli  
Frank Sundli  
Willy Sundli  
Bjørn Ivar Svorkås  
Per Henrik Sølberg  
Oddvar Tiseth  
John Olav Øyangen

Eva Almlie  
Marit Bjørkli  
Bente Bjørndal  
Torild Blåsmo  
Bente Randi Buan  
Else Kristine Bye  
Randi Bye  
Berit Mette Eikli  
Jorun Elvbakken  
Hilde Engløkk  
Vigdís Forvemo  
Heidi Gjønnnes  
Elisabeth Hagen  
Hilde Johanne Halvorsen  
Heidi Hofstad  
Gunnlaug Høstun  
Trine Eline Johansson  
Audhild Kjønnli  
Therese Kvakland  
Brit Anny Ljøkeløy  
Monica Løseth  
Heidi Morken  
Bjørnhild Myhre  
Anne Siri Nordbø  
Solfrid Rian  
Gunn Eva Ree  
Ingrid Samskott  
Kari Ødyn Sivertsen  
Marit Solberg  
Gudrun Solem  
Mary Johanne Stenvik

Ann Reidun Vuttudal  
Inger Vuttudal

## i Geitastrand 7/5

Steinar Husdal  
Bård Morten Isdal  
Rune Kvernmo  
  
Grete Gustafson  
Eli Hovdal  
Målfrid Klomsten  
Bente Sletvold  
Astrid Synnøve Vattengård

## i Orkanger 21/5

Kurt Anderson  
Lars Olav Berg  
Erling Marius Blomli  
Tore Gjersvoll  
Roar Grønset  
Per Albin Halsen  
Hans Thorleif Hansen  
Vidar Hepse  
Ulf Klingan  
Magne Klungervik  
Helge Jomar Larsen  
Jonny Erik Larsen  
Per Morten Lorentzen  
Pål Nissen  
Stein Olstad  
Jon Olav Ophaug  
Roar Reitan  
Bjørn Skjetne  
Knut Magnar Selnes  
Magne Sommerseth  
Bjørn Tore Storm  
Rolf Erik Strand  
John Togstad

Sissel Eilertsen  
Turid Eriksen  
Tove Fagerås  
Anne Katrine Gangås  
Unni Gjønnnes  
Anne Katrine Haugen  
Liv Anne Kielland  
Bente Kristel Knudsen  
Guri Krovoll  
Tove Kvarsnes  
Astrid Larsen  
Marte Løkestad  
Anne Melby  
Hilde Mjølven  
Tove Rian  
Ingrid Pauline Røhme  
Eva Britt Selvåg  
Bente Marie Sivertsen  
Anne Lise Solstad  
Inger Johanne Stølan  
Kristin Vaatland

## i Moe kyrkje 28/5

Tove Elisabeth Eilertsen  
May Britt Fagerholt  
Britt Johanne Løkken  
Sigrid Anita Rye  
Ashild Sørum  
Guri Ulfnes  
Mette Ulfnes  
Anne Lise Vormdal

Karl Olav Asbøllmo  
John Olav Høstun  
Atle Nilsen  
Jørleiv Nyborg  
John Erik Svegaard  
Edvin Aamot

# BIBELKURS

## Svorkmo Misjonshus

12. - 16. april 1978

TALERE:	Distr.sekr. Toralf Aune Bonde Mikkel Grøtte	Prost Kaare G. Rogstad Kallskap. Audun Slettahjell
Onsdag 12.4. kl. 20.00:	Apningsmøte. Emne: Rydd vei for Jesus. Aune.	
Torsdag 13.4. kl. 11.00:	Eldres hyggestund.	
kl. 20.00:	Bibeltime. Emne: Jesus Kristus, historiens største skikkelse. Rogstad.	
Fredag 14.4. kl. 11.00:	Bibeltime. Emne: «Du som freden meg forkynner». Ef. 2, 14; fig. Slettahjell.	
kl. 20.00:	Sang- og musikkveld. Prost Rogstad taler.	
Lørdag 15.4. kl. 11.00:	Bibeltime. Emne: Hva NT sier om bekymring. Grøtte.	
kl. 20.00:	Møte ved Aune og Grøtte.	
Søndag 16.4. kl. 11.00:	Møte. Grøtte.	
kl. 19.00:	Avslutningsmøte. Aune og Grøtte.	

# Gratulasjons-konsert

i Orkdal kyrkje 5/3 1978

Nevnte dato heldt fleire av kora i Orkdal + organist Jakobsen det underskrivne vil kalla ein gratulasjons-konsert for nyorglet. Eigentleg var nok denne konserten tenkt i nær samheng med orgelvigslinga — men på grunn av stort kyrkjeprogram elles — dengongen — vart konserten utsett til no. Men den som ventar på noko verdfullt ventar aldri for lenge. Og sanneleg var det ein verdfull kon-

sert vi fekk. Alle kora var fulltrimma og overgjekk seg sjølv. Det var ei stor oppleving for oss som var tilstades. Anders P. Kvåle hadde skreive ein prolog til orglets og kyrkjelydens ære og den les han sjølv som «ORD FOR DAGEN». Det kunne ha vore ønskeleg at alle fekk lese den heilt ut, men den er for lang til at den kan trykkast i menighetsbladet. Her vil vi ta med opningsstrofene:

*Anei, for ein kveld — — Eit brusande tonevill fyller vårt kyrkjehus.*

*Det er kome nye tonar inn i vårt orgelbrus.*

*Dei nye tonar brusar og skjelv —*

*og fyller heile vårt kyrkjehelv.*

*Hjartestrenger skjelv med i glede og gråt.*

*Augo dimmest mest, — blir tårevåt.*

*Toneflaumen forkynner i nye tonar — — Guds ære*

*og stig opptil høgkoret med ein himmelsk tone — Gud eit ære være — —!*

*Takken går til HAN som ga oss tonens harmoniskatt, —*

*tonane som dala ned frå Guds trone i den heilage julenatt.*

*Desse tonane som bar fram dette fagnabod*

*at no var Frelseren kome ned til vår jord.*

*Salmesong og orgelbrus med rein og sølvklår tone*

*vil alltid løfte opp og blanda seg med tonane kring Herrens trone.*

Også noko frå midtpartiet må med. Her viste Kvåle oss at den natur som Gud har skapt er med i lovsongstonen på kvart sitt vis:

*Alle desse lyder — tonar einest her i harmoni så fin og sterk,*

*og stig til lovsongstonar om Guds uutgrunnelege skaparverk.*

*Det er barnet som svevest i somn i vesle vogga.*

*Det er ljåen som syng i den friske morgondogga.*

*Det stig til fjellheimens verbarka tone og til sjøen frå store hav.*

*Det er vår song og høgsommarstemning som alltid høgstemte tone gav.*

*Me høyrer risling frå skogklede åsar og det kviskrer frå bekker og tjønn*

*og frå stupbratte fossar i elver høyrst det tunge drønn.*

*Det tiskar frå lyngklede rabbar, frå graset stig tone så fin.*

*Men så i det samstemte koret frå natura si skapande hand*

*stig triller frå fuglekoret i fjell — i skog og ved strand.*

Og så tonar prologen ut i von og bøn til Gud om at vi må få vera med på oppstada sin dag.

*Lat oss be om at dette tonevill aldri vil tagna i tider som kjem.*

*at orglet må bruse og salmesongen tone*

*og løfte kyrkjelyden på tonevenger — nærare GUDS TRONE.*

*A — Tonevill bli inspirasjonskjelde for prest og alle kyrkjefolk!*

*Bli for det beste i oss — alltid tolk!*

*Treng gjennom kyrkjemurane!*

*La det bli atterljom frå GUDS STORE KYRKJE*

*Sprei von og trøyst utover alle grave!*

*Og svev oss inn i siste bhund —*

**OG VEKK OSS I OPPSTADAS MORGONSTUND!**

Vi vil takka Orkdal damekor, Orkdal mannskor, Orkland mannskor, Orklakoret, dirigentane, solist, organist og diktar for ein stor kveld. Vi vonar at dette må bli ein årvisst etterjuls-konsert.

K. R.

## Orkdal felleforening for Det Norske Misjonsselskap

hadde årsmøte i Sølberg bedehus 26. februar. Form. Reidar Halgunset ønsket velkommen og minnet oss om fikentreet som vingårdens Herre kom og lette etter frukt på, men fandt ingen. Han vilde hugge det ned, men vingårdsmannen bad at det måtte stå enda et år, kanskje det da kunde bære frukt. Det er godt at Jesus også går i forbønn for oss år etter år. Vi synes ofte vi er skrøpelige og bærer lite frukter, men Gud satser på skrøpelige mennesker, og han vil vi skal holde ut. Formannen redegjorde litt om drifta og opplegget på Bakkseter gård. Det er gjort en god del arbeide derute og det leies ut til weekender og leirer o.s.v. Det planlegges nu å bygge ei hytte som kan gi flere overnattingsmuligheter.

Årsmelding og regnskap blev opplest uten kommentar. Regnskapet viste at det fra Orkdals 4 sogn var sendt kr. 97.616,— til Det Norske Misjonsselskap i 1977. Det skulde velges 4 nye styremedlemmer for de 4 som gikk ut dette året. Valgt blev: Agnes Singstad, Jostein Dahlen, Einar Stokkan og Einar Kristiansen.

Misjonær Emil Arsheim holdt fest-talen. Han talte over Jesu møte med Sakkeus. Idag vil jeg ta inn i ditt hus. Sakkeus blev glad da Jesus kom inn i hans hjem. Hvor er gleden hos oss? Har vi noget å gle oss over? Han har betalt all den gjeld vi sto i til vår himmelske far. Vi er skyldfri! Hvor er gleden og takken?

Arsheim fikk lagt misjonens alvor inn over oss på nytt. Gud har sagt vi skal få være hans medarbeidere. Må vi være tro der han har satt oss.

Nettopp på plassen din der skal du være, Herren der trenger deg, der skal du stå. Der skal du leve din frelser til ære, og engang lønnen av ham du skal få.

Kallskap. A. Slettahjell avsluttet festen. Orkanger musikklag sang vakert for oss.

I kollekt kom inn kr. 1530,—.

ags

Jarl Gjønnnes:

## Troen fungerer!

Jeg er født på det vi i Norge kaller «landet». Etter som årene gikk, skulle det vise seg at jeg ble en ganske vanlig norsk pjokk med lys lugg og blå øyne. Jeg er vokst opp i et godt hjem, noe som har blitt stadig mer klart for meg etter at jeg er blitt voksen. Her ble jeg lært opp å be aftenbønn, men utover kristendomsundervisningen på skolen, fikk jeg ingen annen påvirkning m.h.t. kristen tro og tanke.

Uten at jeg kan kalle oppveksten min noen utskeielse, kan jeg likevel ikke si at den bragte meg nærmere Gud, iallefall ikke tilsynelatende. Som ungdommer flest, deltok også jeg i festlighetene på lokalet, og levde et «greit» liv sammen med de vennene jeg fikk, gode venner de aller fleste av dem.

Etter «kongens klær» begynte jeg å studere ved NTH. Etter en tid viste det seg at en kamerat av meg fra militæret rotet seg borti noe bibellesning sammen med noen andre studenter, 50-50 gruppe kalte de det. Etter å ha blitt sånn halveis invitert av kompisen, slo jeg følge selv. Jeg trodde jo på Gud. Men faktum var at jeg likevel ikke visste hva det ville si å være kristen. O.K., vi begynte å lese Johannes-evangeliet, og nå lysnet noe for meg. Jeg fikk se at Gud ikke bare er «noe» eller «noen» som er ett eller annet sted. Nei, Han er en *virkelig Personlighet* som bryr seg om nettopp meg, og deg også! Jeg fikk se at Jesus måtte dø på et kors, og derved «nullet» ut det «synderegisteret» jeg nok visste at jeg hadde, og jeg forstod at jeg trengte nettopp dette. Jeg bad bønen: «Jesus frels meg». Jeg ble en kristen.

Kompisen fikk se det samme som jeg fikk. Vi kom inn i ei ny bibelgruppe. Her ble det snakk om en del saker fra Bibelen som til nå hadde gått meg «hus forbi». Det var et ektepar i denne gruppa som begynte å snakke om dette med Den Hellige Ånd (DHA), og da med henvisninger til Jesu ord og de første kristne. Vel, jeg visste at som kristen så bor DHA i mitt hjerte. Det ble også snakk om det DHA ønsker å gjøre i kristne menneskeliv; en

større frimodighet, glede, og et nytt språk å be på.

Etterhvert begynte det å skje ting i mine stille stunder. Du verden, Bibelen begynte å bli interessant. Det ble «mat» for meg å lese i denne boka. Jeg begynte enda mer å se hvem Jesus er, og å fylles med en varm og inderlig glede. «Halleluja Jesus», jeg måtte si det, klarte ikke å la være. Jeg tror at det som skjedde her er det Jesus sier i Joh. 16, 14 om DHA: «Han skal herliggjøre meg». Jesus ble stor, og det gjør godt å se dette, og jeg vet nå at dette er noe som stadig skal skje i et kristenliv. Snart kunne jeg også takke og tilbe Gud i nye tunger -- det nye språket. Det har vært til stor hjelp og glede for meg.

I dag har jeg fått se enda klarere at det er *fornuftig å være kristen*. Som levende individer i en utrygg og stadig skiftende verden trenger vi et fundament å stå på. Jeg har fått ett. Jeg vet hvor jeg kommer fra, hvorfor jeg er her på jorda, og hvor jeg skal når alt er slutt her, for slutt tar det jo. Ting har fått mening. Jeg har begynt å ane noe av den plan Gud har med sin menighet på jorda. Vi skal vise verden hvem Gud er, og gjøre de gjerninger som Jesus gjorde. Jesus forkynte Guds ord om utfrielse fra synd, helbredet sykdom, mett et sultnet menneske, Han gav varme og trygghet til de menneskene som var omkring Ham. Dette er også vår jobb, og det er mulig for oss å gjøre den med glede og begeistring, takket være Den Hellige Ånd. Alt til Guds ære. Gud har gitt oss Bibelen, den forteller oss Hans vilje med oss. Gud ønsker at vi menneskene skal kjenne Ham. Det er godt for oss. Han elsker oss, og ønsker å gi oss liv.

«Og dette skriver vi forat vår glede kan være fullkommen», sier 1. Joh. 1, 4, *Guds ønske med deg og meg. På samme måte: Guds fred som overgår all forstand, er Guds løfte i Fil. 4, 7. Alt dette er løfter gitt til oss, og Bibelen er full av dem. Det er opp til oss å ta Guds ord til oss, vi må gå på løftene, ha tillit til Gud. Svært ofte er Guds løfter knyttet til det kristne*

Kjolen  
finner De hos

**Dagny Korsli A.s**

BARDSHAUG  
Tlf. 80 395

**SØVASSKJØLEN  
FJELLKIRKE**

postgiro 3675436 GJØLME.  
EI KIRKESAK FOR ALLE  
I ORKDAL.

felles-skapet. Han ønsker at vi som *ett* folk skal leve i det nye «landet» som er gitt oss som har sagt «ja» til Jesus Kristus, et land som flyter av melk og honning, slik Bibelen sier det.

Det fins en Gud, og en hel verden som venter på ..... deg og meg.

## Gåver til bladet

*Gjølme — Geitastrand*

Sverre Kjenli 20. Asbj. Hansen 20. Sofie Bonvik 10. Gurine & Ole Reitan 20. Ingebjørg Bonvik 10. Anna M. Bye 20. Magnhild Tungen 20. Godtfred Singstad 20. Arnt Vormdal 20. Berit Ofstad 25. Petter Sletvold 20. Johan A. Ofstad 20. Knut Aasen 25. Arntine & Ivar Andøl 25. Henry Husdal 20. Ragnhild Bjørgan 10. Arnt N. Ofstad 20. Frøydis Kjøren 15. Annie Johansen 30. Sivert Sommervold 20. Edith & Atle Hansen 20. Olaf & Ellen Sletvold 10. T. Elverum 10.

*Fannrem*

Aash. & Alfred Oddli 20. Ingrid Havik 20. Guri & Bjørn Husdal 20. Seriana Solberg 20. Alf Asphjell 20. Erling Hansen 20. Ann Mari Høyenes 10. A. K. Solemslökk 25. Helga Morken 20. Anders Bakken 20. Bergliot Kvåle 20. Albert Blåsmo 20. B. & G. Gjertsen 20. Mikal Meland 20. Kjell Fannrem 20. Olav Wormdal 20. Arne Melås 20. Per Sæterbakk 10. I. og A.

Sommervold 15. Sigrid & Kåre Sletvold 25. Anders Andøl 50. Aud Oddli 10. Elisabeth & Olav Gjønnnes 25. Karen Anne Norberg 50. Arna & Henrik Størseth 50. Johs. Eldevik 25. Marit & Erik Etorbekken 20. Lars Eggen 20. Anne Lie 20. N.N. 20. Marve Digre 20. Kjell Engløkk 20. T. Sundli 20. Anna & Odd Thoresen R. & E. Grønningen 20. B. & E. Slørdal 25. Einar Olsen 15. S. Gangås-sæter 10. Johanna & Ivar Opøien 30. John L. Solem 100. Harold Rygh 30. Nils Sølberg 20. A. Bakksæter 20. Einar Lynum 20. Peder Neraune 30. Sigrid Kjelstad 10. Arnt Søvasli 20. Tora Strøm 10. Ingeborg Fagerholt 20. Tordis Strøm 10. Birger Mosbakk 20. Margit Viklem 10. Per By 20. Krutvik 20. Inger & Odd Eriksen 30. Torleif Gjønnnes 10. Ranveig Dahl 20. Karen L. Gjønnnes 20. Margit & Harald By 20. Pauline Bjørkøyli 20. Berit Wiggen 20. Olav Krokstad 20. Morten Andøl 25. Lars Løseth 20. Sig. Alver 20. Sigurd Kvåle 20.

*Utenbygds*

Tone Lorentzen 25. Sverre Øyum 20. Aslaug Moksnes 20. J. Stokkan, Son 20. Odd Kvam, Eidsvoll 50. Astrid Andøl Toombas, Flateby 25. Anne Bekkelund, Brumundal 20. Arnfinn Moe, Drammen 20. Gudrun Waaler Fagerli, Amot 30. Gudrun Ottesen, Paradis 20. Signe & Ola Indergård, Angvik 20. Borgny & Hans Helseth, Steinsgrenda 20. Torvald Hauge, Hellesylt 30. Anna & Edv. Bakken, Lesjaskog 25. Kristine Eidhamar, Tresfjord 35. Edith Lyngen, Jerpstad 15. Dorthea Harrang, Tr.heim 10. Nils Haugen, Tr.heim 15. Johanna Rånes, Tr.heim 10. Bjørg Hegstad, Tr.heim 25. Oddveig og Harald Eikli, Tr.heim 20. K. Ramlo, Jakobsli 20. O. L. Gjønnnes, Heimdal 30. Marit Grønning, Heimdal 20. Marie Rønning, Sjetnhaugan 20. Eldbjørg Foss, Melhus 20. B. Kvålsvoll, Melhus 20. Agnes & Olav Næve, Gåsbakken 20. Ella & Sivert Kvernmo, Hovin 20. E. Nordang, Lundamo 10. Dorthea Rye, Meldal 20. S. og G. Slupphaug, Meldal 25. Morten Sletvold, Ingdalen 20. Jenny Rynning, Hommelvik 20. E. Troøyen, Steinkjer 20. Asbjørg Korssjøen, Overhalla 15.

Johan Dyndal 15. Turid & Oddvar Thoresen, Frei 20. Hanna Eidhamar, Tresfjord 15. Synnøve Stene, Tr.h. 20. Jorid Syrstad, Tr.heim 25. Hjørdis Bjørseth, Stjørdal 20. Marit Lindgård,

Bosberg 10. Helga Aasan, Leinstrand 15. Lilly & Edv. Almhjell, Heimdal 20. Gudrun Kirkvold, Tydal 15.

*Fannrem*

Asbjørn Sommervold 20. Dorteia & Odd Viggen 20. Oline Øyen 20. Jon Skauge 20. Fredmund Skauge 20. Tore Aasbø 20. Erika Wormdal 20. M. Pettersen 15. Rolf Kjelstad 20. Samuel Pettersen 20. Henriette Sæther 25. Arne Lillery 20. Johan A. Ekli 20. S. Røhme 20. Solv. & John Kjelstad 20. Randi Sveeggen 20. Asbjørg & Marius Søvasli 20. Borghild Eggamo 10. Ole K. Krokdal 20. Jahn Kusether 20. Anne Andøl 20. Jarle B. Sommervold 20. Bent Gjønnnes 20. Magnhild & Martin Kroken 20. Bjørnhild & Leif Sveeggen 50. Ingeborg & Erling Henriksen 30.

*Orkanger*

Andreas Husdal 15. M. & L. Østlund 10. G. Krovoll 20. Kjeld Stub 20. O. Langvik 20. Ingebj. & Bj. Sletvold 20. Oddrun Karlsen 10. Ole O. Sognli 20. Alfred Metliås 20. K. Leverås 20. Jenny Berg 20. Elfrida Solberg 10. Serine Reitan 10. Liv & Knut Wätland 25. Graven 25. Liv Opøien 20.

*Geitastrand*

Gerd Hovdal 25. E. Elshaug 25.

*Svorkmo*

Ingvar Grytdal 20. Enetta & Arnt Ofstad 20. Eli & Ola Klingen 20. Ruth & Birger Sandstad 20. Klara & Helge Aamot 20. Olga Grø 20. Hanna Kusether 20. Eli Høve 10. Ola Eide 20.

Februar 1978

*Orkdal*

Helge Gjengstø 20. Kristian Sørli 20. Anna By 15. Alvild og Torbjørn Engen 20. Hjørdis og Arvid Eggen 20. Magnhild og Sigm. Haugset 25. Oddmund Fossum 25. Ole Vattengård 20. Brit Elin Blåsberg 10. Jarl Kirkaune 10. Johanna og John Almli 20. Anders Fuglås 20. S. Asphjell 20. Karen Engmann 50. Gudrun Knutsen 20. Kjell Viken 20. Signe Lied 10. Jenny Sletvold 20. Anders Andøl 30. Eva og Harald Dyndal 20. Hildur Høgnes 10. M. Heggset 30. John Arth. Torgersen 10. Anton Bjørkli 20. Marie og Arne Steinshaug 50. Idun og Einar Leland 25. Aslaug Skaugen 30. S. Fandrem 20. Sofie og Lars Husby 20. Ella Blåsmo 20.

*Orkanger*

Gudrun og John Karlsen 20. Molla Næss 10. Johanne Svee 10. Tove og R. Arnkvern 30. Olga Vuttudal 20. Anders Forvemo 20. Ingrid Lillemyr 20. E. og H. Husby 20. Jorunn Pevik 10. Oline og Konrad Sæther 20. Leif Løseth 20. Magnhild og Iver Dørdal 20. Ragna Sluphaug 20. Margit Breunig 10. Kari og Anders Grimstad 25. Hansine Snildal 10. Astrid og J. Dahlø 20. T. S. 50.

*Orkland*

Mette og Arne Nilsen 20. Målfrid Elden 20. Ivar Lillery 15. Johanne Lillery 15. Inger og Berte Blåsberg 15. Stig Rune Blåsberg 15. Kari Ljøkjeld 15. Susane Lie 15. Margit og Jørgen Vangen 30. A. Strømsvåg 20. Marit og Knut Ljøkeldeøy 25.

*Utenbygds*

Ingebjørg Storvik, Aureosen 15. Hanny Isdahl Vikauene, Stjørdal 20. Rikard Skjenald, Oslo 50. Anne Lomundal, Rindalsskogen 20. Aasta Solem, Selbekken 20. Andrea Tungen, Tr.heim 20. Marta Andreassen, Rognan 20. Jorhild Larsen, Saupstad 20. Serine Mjonesauene, Støren 20. Tore Sines, Rindalsskogen 15. Kari Aas Krogstad, Hovin i G. 30. Hilleborg Koren, Bekkestua 10. Magnhild og Svein Melhus, Rissa 20. Anne Løvås, Heimdal 20. B. K. Tr.heim 100. Annar Gjølmesve, Sandvika 50. Tone og Arnold Lorentsen, Oslo 20. Gudrun Kvam, Hommelvik 30. Indremisjons Dish.kontor, Meldal 25.

*Geitastrand*

Beret og Per Halsen 20. Emma og Kr. Sletvold 30.

Hjarteleg takk!



## Søndag er kyrkjedag

13.4.

Orkanger k. kl. 19. Ungdomsgudstj. v. kalls.kap. Slettahjell.

16.4. 3. s. e. påske

Orkanger k. kl. 11

Høgmesse v. spr. Olsen.

Offer til menighetsarb.

Kirkekaffe for eldre i bedehuset.

Geitastrand k. kl. 11

Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Kirkens nødhjelp. Buss frå Husdalen.

Sølberget bedehus kl. 11

Gudst. møte v. kallskap. Slettahjell.

Offer til menighetsarb.

23.4. 4. s. e. påske

Orkdal k. kl. 11

Høgmesse v. prost Rogstad.

Offer til Israelsmisjonen.

Moe k. kl. 11

Barnegudstj. v. spr. Olsen.

St. Georgs dag. Offer til speidararb.

30.4. 5. s. e. påske

Orkdal k. kl. 11

Familiegudst. v. prost Rogstad.

Samtale m. konf. Offer til kristenartianernes misjonsprosjekt.

Moe k. kl. 11

Høgmesse v. spr. Olsen.

Offer til IKO.

Grendstuggu Kjermoen kl. 11

Gudst. møte v. kalls.kap. Slettahjell.

1.5. Arbeidets dag

Orkdal k. kl. 11

Familiegudst. v. Henry Røsæg og

prost Rogstad. Offer til Kr. Arb.

Forbund

4.5 Helgetorsdag

Orkdal k. kl. 11

Høgmesse v. misj. Johan Naustvik

og prost Rogstad. Nattverd.

Offer til misjonssamb. ungdomsarb.

Orkanger k. kl. 11

Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell

Nattv. Offer til kristenartianernes

misjonsprosjekt.

Moe k. kl. 11

Høgmesse v. spr. Olsen. Nattv.

Offer til kristenartianernes misjonsprosjekt.

7.5. 6. s. e. påske

Orkdal k. kl. 11

Fam.gudst. v. prost Rogstad

Konfirmasjon. Offer til menighetens

barne- og ungdomsarb.

Geitastrand k. kl. 11

Fam. gudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Konfirmasjon. Offer til menighetsarb. Buss frå Råbygda.

11.5. torsdag

Orkanger k. kl. 19

Ungdomsgudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Samtale m. konf.

14.5. Pinsedag

Orkdal k. kl. 11

Høgtidsgudst. v. prost Rogstad.

Offer til Det Norske Bibelselskap.

Moe k. kl. 11

Høgtidsgudst. v. spr. Olsen. Offer til

Det Norske Bibelselskap.

Orkanger k. kl. 11

Høgtidsgudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til menighetsarb.

Geitastrand k. kl. 15

Høgtidsgudst. ved prost Rogstad.

Offer til Sjømannsmisj. Buss frå

Råbygda.

17.5. Grunnlovsdag

Orkdal k. kl. 11



Barnegudst. v. kallskap. Slettahjell. Offer til menighetens barne og ungdomsarb.

Orkanger k. kl. 11

Barnegudst. v. spr. Olsen. Offer til menighetens barne og ungdomsarb.

Moe k. kl.11

Barnegudst. v. prost Rogstad. Offer til menighetens barne- og ungdomsarb.

## Forslag til lov om barn og foreldre

vart lagt fram av justisdepartementet i haust til uttale. Sjølv vi som ikkje høyrer til høyringsinstansane kan ha våre invendingar og synspunkt. Underskrevne vil peika på eit-par ting eg meiner er uheldig.

1. Til no har ekteskap inngått i kyrkja eller hjå borgarleg vigselmann vore den normale samlivsform mellom mann og kvinne i samfunnet vårt. Adre samlivsformer har vore utanfor orden og ikkje apseptert som juridisk bindande.

Det nye lovframlegget har ikkje som føresetnad nokon normalordning for samliv mellom mann og kvinne. Vil nokon gifta seg kyrkjeleg eller borgarleg så er det ein privatsak og vil bli vurdert på line med alle andre samlivsformer.

Det nye lovframlegget vil etter mennes meining visa burt frå ekteskapet som grunnleggande ordning for tilhøvet mellom mor- far og barn, og vil vera med på å oppløysa ekteskapet som samfunnets inste kjærne. Det må iallefall vera klårt for alle som vil stå på kristen grunn i sin samlivsetikk at ein slik lov ikkje samsvarar med

Guds ord og heller ikkje vil kunne gje barn som veks opp den tryggleik det treng. Eg kan ikkje skyna anna enn at ei slik lov i lengda vil virke samfunnsoppløysande.

2. Til no har det vore slik at eit barn født i ekteskap automatisk har vorte sett på som ektefødd av den mor og far som er i heimen. Denne regel har som føresetnad at det er truskap i ekteskapet. Først om mor og far i heimen gjorde innsigelse kunne farskapet takast opp til prøving. Det nye lovframlegget tar burt denne regelen og vil føra inn den ordninga at alle fedre skal underskriva på sitt farskap til det barn som er født i deira eigen heim. Dette må vel vera ein knebøying for det unormale og spesielle.

Det er til å gråta over om samfunnet vårt skal få lover som slik vil bryta ned heimen og alt det den står for av godt og edelt. K. R.

### Slettahjells telefonnr.

Kallskap. Slettahjells telefonnr. privat står under Menighetssekretær i katalogen. Mange har derfor problemer når en skal ringe ham.

Nr. er 80 589